

Konsernet N.H. Lerum AS sin policy for berekraftig forretningspraksis

Denne policyen gjeld for konsernet N.H. Lerum AS (Lerum) som består av morselskapet N.H. Lerum AS og dotterselskapa Lerum AS og Lerum Eigedom AS.

Det er kun tilsette i driftsselskapet Lerum AS og all administrasjon av morselskap og eigedomsselskap vert gjort av Lerum AS. Konsernet sin policy for berekraftig forretningspraksis er derfor utarbeida med utgangspunkt i praksis i Lerum AS, og er gjeldande for alle selskap i konsernet.

Innleiing

Lerum arbeider for ein berekraftig forretningspraksis som respekterer menneske, samfunn og miljø. Dette policy-dokumentet, inkludert [Etiske retningslinjer for leverandørar](#), dannar grunnlaget for vårt berekraftsarbeid.

Lerum vurderer innkjøpsområdet som det området der vi kan ha det største potensialet til å bidra til positiv utvikling i forhold til berekraftig forretningspraksis, og det er dette området som vil ha hovudfokus.

Lerum ser på berekraftig forretningspraksis som ein føresetnad for berekraftig utvikling, som betyr at dagens generasjon får dekkja sine behov utan å øydelegge framtidige generasjonars moglegheit til å få dekkja sine¹. Verdiane ekte, stolt, ærleg og engasjert står sentralt hjå Lerum sine tilsette. FNs berekraftsmål er verdas felles handlingsplan for berekraftig utvikling. Lerum jobbar aktivt med berekraftsmåla og spesielt mot berekraftsmål nr. 3, 8, 11, 12 og 13. I Lerum har vi definert berekraft til å ta vare på; først og fremst naturen, foredling, ernæring, menneske og lokalsamfunnet. Berekraftig lønsemd er grunnleggande for all forretningspraksis i Lerum.

Som medlem av Etisk handel Norge forpliktar Lerum seg til å jobbe aktivt med aktsemdsvurderingar for berekraftig forretningspraksis.² Aktsemdsvurderingar er ei risikobasert tilnærming til å respektere og ivareta menneske, samfunn og miljø i vår eiga verksemd og i heile leverandørkjeda. Vi krev at våre leverandørar og samarbeidspartnarar føl same tilnærming.

Krav til eiga verksemd

Forretningspraksis kan ha mogleg negativ påverknad på menneske, samfunn og miljø. I Lerum ser vi at vårt største potensiale for å bidra til positiv utvikling er i leverandørkjeda. Med bakgrunn i dette har vi utarbeida følgande prinsipp og krav til vår eigen verksemd.

Aktsemdsvurderingar

Lerum skal gjennomføre aktsemdsvurderingar for berekraftig forretningspraksis. Vi skal utføre risikokartlegging av negativ påverknad på menneske, samfunn og miljø, og utarbeide tiltak for å stoppe, førebygge og redusere slik påverknad. Tiltaka vert overvaka og vurdert effekten av, og vert kommunisert til dei råka partane. Der våre aktivitetar forårsakar eller medverkar til negativ påverknad på menneske,

¹ Brundtland-kommisjonen, «Vår felles framtid», 1987

² UN OHCHR, *Guiding Principles on Business and Human Rights (UNGPs)*, 2011; OECD, «*Due Diligence Guidance for Responsible Business Conduct*», 2018.

samfunn eller miljø skal vi stoppe denne aktiviteten, og vi vil søke å rette opp skaden. Der leverandøren er ansvarleg for den negative påverknaden/skaden, er leverandøren òg ansvarleg for å rette opp denne.³

Ansvarleg innkjøpspraksis

Lerum ser på ansvarleg innkjøpspraksis som eit av våre viktigaste verkemidlar i arbeidet for berekraftig forretningspraksis. Lerum skal tilpasse vår eigen innkjøpspraksis slik at vi styrker, og ikkje undergrev, leverandørane si moglegheit til å levere på krava vi stiller for å sikre gode forhold for menneske, samfunn og miljø. Vi skal arbeide for langvarige leverandørforhold med leverandørar som viser særleg vilje og evne til å jobbe for positiv utvikling i leverandørkjeda.

Fri fagorganisering og arbeidarrepresentasjon

Lerum støttar opp om retten til fri fagorganisering og andre former for demokratisk valt arbeidarrepresentasjon. Vi skal involvere arbeidarrepresentantar og andre relevante interessentar i vårt arbeid med berekraftig forretningspraksis.

Leverandørutvikling og partnerskap

I dialog med leverandørar vil vi ved behov vurdere å bidra med relevant kompetanseheving eller ressursar som set våre leverandørar i stand til å etterleve Lerum sine krav til forhold i leverandørkjeda. På denne måten legg vi grunnlaget for godt samarbeid med leverandørar som viser særleg vilje og evne til å jobbe med positiv utvikling for menneske, samfunn og miljø i leverandørkjeda.

Antikorupsjon

Lerum, inkludert alle tilsette, skal aldri tilby eller motta ulovlege eller urettmessige pengegåver eller andre godtgjersle for å oppnå forretningsmessige eller private fordelar for eigen del, eller fordelar for kundar, agentar eller leverandørar.

Land under handelsboikott

Lerum, inkludert våre leverandørar og samarbeidspartnarar, skal unngå handelspartnarar som har aktivitetar i land som er pålagt handelsboikott av FN og/eller norske myndigheiter.

Krav til forhold i leverandørkjeda

Lerum forventar at våre leverandørar og samarbeidspartnarar arbeider målretta og systematisk for etterleving av våre retningslinjer for leverandørar, samt prinsipp for berekraftig forretningspraksis, som dekker grunnleggjande krav til menneskerettigheiter, arbeidstakarrettigheiter, antikorupsjon, dyrevelferd og miljø. Våre leverandørar skal:

- Følgje [Etiske retningslinjer for leverandørar](#).
- Arbeide aktivt med aktsemdsvurderingar.
- Vise vilje og evne til kontinuerleg arbeid for forbetring for menneske, samfunn og miljø gjennom samarbeid.
- På oppfordring frå Lerum kunne dokumentere korleis dei sjølv, og eventuelt underleverandørar, arbeider for å etterleve retningslinjene.

Dersom leverandøren, etter gjentatte meldingar, ikkje viser vilje eller evne til å etterleve dei krava vi set, kan heving av kontrakt bli konsekvensen.

³ OECDs kontaktpunkt for ansvarlig næringsliv, «OECDs veileder for aktsomhetsvurderingar for ansvarlig næringsliv – en innføring», 2018.